

Samarbeid om handverksutdanning



Museumshandverkarane Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid i arbeid med strykebenken.

Høgskolen i Sør-Trøndelag lyser ut eit heilt nytt løp for utdanning i tradisjonelt bygg-handverk og teknisk bygningsvern. Etter mange år med diskusjonar og arbeid mot ei høgare formalisert utdanning i handverk, er det no på plass med oppstart hausten 2015. Studiet fører fram til bachelorgrad i handverk.

Ryfylkemuseet har skrivne under på ein intensjonsavtale om å vera regional lære-arena for den praktiske delen av studiet og vil sitte i fagrådet for denne utdanninga.

Leik og moro på museet



Ivrige deltakarar på internasjonal kafé

Torsdag 12. februar var det internasjonal kafé med ukrainsk mat på menyen. Etter maten var det brettspel på ulike språk med stort engasjement og mykje latter frå dei fram møtte.

Storslått fotogåve



Neverdalsfjorden, Forsand i 1999.

Foto: Odd Inge Worsøe

Ryfylkemuseet har motteke ei storslått fotogåve frå Odd Inge Worsøe. Han er ein kjend fotograf som har hatt tilknytning til Stavanger Turistforening i mange tiår. Han har farta mykje i heiane og har teke tusenvis av naturbilde. Saman med Kjell Helle Olsen har Odd Inge Worsøe vore største bidragsytar av foto til turistforeninga sine årbøker i ei årrekke, men har òg levert bilde til fleire andre bøker. No har han gitt 22 permar med vel 6000 diasfoto frå Ryfylke til museet. Størstedelen av bilda er frå Forsand, Hjelmeland og Suldal, men der er også foto frå øykommunane. Ryfylkemuseet er djupt takksame for den storarta gáva frå Odd Inge.

Det skjer på Ryfylkemuseet

Vinterferien nærmar seg slutten og med det lesestundene i «Kvitebjørnen» på Nesasjøhuset, der det har vore stor aktivitet desse dagane. Dei som har vore skuffa over dårleg vêr i heia, har vonleg fått ei fin stund hos oss i staden.

I mars kan me mellom anna sjå fram til internasjonal kafé 12. mars og foredraget «Ull er gull» med Kathrine Gregersen 16. mars. Sjå meir i [kalenderen](#) vår.